

## Kyrkja i Jostedal.

I 1330-åri åtte kyrkja i Jostedal 12 kyr, men ingi jord. Ho vert nemnd »Kirkian i Jostrudall. Presten hadde garden »Bræidrin« (Breum) og noko i Høgøyum, Vornuvik? og Rønnei.

Segni segjer at då dei skulde byggja kyrkja etter Svartedauden, hadde dei tenkt å setja henne på ein flate tett ved Prestgarden, ein stad dei enno kallar »Kyrkjesteinen«, men det dei hadde bygt upp um dagen, vart um natti flytt til ein bakke nær ved, og der vart kyrkja bygd. Då dei tok til å rydja skogen kring den nye tufti, fann dei den gamle kyrkje-klokka som hadde vore i kyrkja fyrr dalen vart øyde.

Ei slik segn har me mest um alle gamle kyrkja. Her likevel det nye at dei fann den gamle klokka.

Då dei tok til å rydja dalen ånyo, var det vel noko av det fyrste dei gjorde å få seg ei kyrkja. Prest kunde dei vel ikkje orka å halde, so for det fyrste, men hjelpa seg med prestane i grannegjeldi. Og då vart det vel so at Jostedal vart eit anneks under Hafslo.

Det vart likevel ikkje so lenge, fyrr dei fekk eigen prest.

Fyrste kyrkja dei bygde etter Svartedauden var visst ikkje mykje tess, korkje i ein måte eller annan. Etter kva bisp Neumann veit å fortelja, sa nokre lagrettemenn frå Jostedal i 1656 at kyrkja som då var uml. 100 år gamal, var til nedfalls, og at dei måtte få seg ny kyrkja. Elles hadde dei sagt det same alt i 1636. Presten Tøger Jensen tok på seg å byggja den nye kyrkja. Dette er vel so å taka at han stod fyre arbeidet, men det var vel helst »Stiftsskrivaren« som stod for stiftet si kyrkjekasse, som syrgde for pengane. Timberet til kyrkja vart hogge lengst framme i dalen og

fløytt i elvi ned til kyrkjeplassen. Kyrkja var ferdug i 1660 og vart verdsett til 216 rdl. Kyrkja var uml. 20 alne lang og ikr. 11 umfar høg.

Kyrkja er ikkje nemnd i 1686 då alle kyrkjene i Sogn vart ettersedde. Men ho låg so langt unda eller var so ny, at synsmennene har vel meint at det var uturvande å reise til Jostedal.

I 1722 då alle kyrkjone skulde verta verdsett, fordi kongen tok seg rett til å selja dei, vert det sagt um kyrkja i Jostedal, at ho var ei timberbyggja med tårn og eit lite våpenhus av reisverk, alt tækt med bord. Kyrkja var »temmelig vel holden og indvendig smukt malet.«

Skipet var 16 alne langt og 12 alne breidt, koren 9 og 10 alne. Våpenhuset var 6 alne i firkant. Kyrkja hadde 120 sitjeplassar.

Rekneskapi for kyrkja gjev få opplysningar. Det vert sagt at kyrkjevegen i 1682 måtte setja nytt tårn på kyrkja etter di det gamle var øydelagt av snøskreda. Ikr. 1706 vart det laga ny funt og nytt tak yver koren, og i 1706 gjort ein ny kvelving yver altaren og elles vølt på ymse anna. Bisp Neumann fann millom anna 5 gamle kravkors av kleberstein ute på kyrkjegarden.

Kyrkja som vart bygd i 1660 er den same som enno står på staden. Skulestyrar Bendixen som saumfor kyrkja skriv dette: »Kirken er enskibet, har våbenhus, høit firkantet tårn og smalere firsidet kor. Skibet har 3 koblete vinduer på sydsiden, 1 på nordsiden, og koret to lignende på hver side, men ingen i østveggen. Tårnhjelmen er tækket med små bord, ligeså våbenhuset. Selve kirken med zinkplader. Det hele hvidt malet udvendig. Skibet er 12 m. langt og 6 m. bredt. Koret 4,24 i kvadrat. Loftet er fladt både i skib og kor. I vest er tvergalleri. Langs skibets vegge er malet rundbuer, 6 eller egentlig 5½, og inde i disse felter er der dekoreret med slyngende stængler og ranker«.

Yver døri står skrive ----»tesen Ravn. Anno 1661. (Hans Ottesen Ravn). I tårnet er det fleire bjelkar som tykkjest å ha høyrst til ei gamal stavkyrkje. Altartavla er ei van-

leg »Katekismetavl«. Innskrifti lyder so: »Er denne Tafle skjenket oc forærit Kaupangers kirche Till Guds Navns æris Ihukommelse aff Erlig oc velactet Mand Gjøde Pedersen med sin Hustrue Kiersten Pedersdatter Ao. 1609.« Korleis denne tavla er komi til Jostedal, er ikkje godt å segja. Kann henda dei i Kaupanger har tykt at det ikkje var noko større heider med å hava eit minne i sjølve kyrkja um ein mann som var korkjen »Erlig eller velactet«, men ein av dei verste bondeflåarar me har havt i Sogn.

På preikestolen står årstalet 1626.

På kvendesida i kyrkja står ein ven stol. Øvst på stolen står A.C.D. d.v.s. Anna Christensdtr., kona til presten Tøger Jensen. På same stolen er måla S.O.D.R. (Sofie Ottosdtr. Ravn), dotter til presten Otto Hansson Rovn og kona til presten Henrik Nitter. På ei list som no står yver døri står dette: »Gud ver mig sunder nådig oc fri mig fra alt ondt. Erlige lofuit Hans Ottesen Ravn. Anno 1695.« På ei glasruta i nordre vindauga står: »Hr. Henrik Nitter, Sofie Ottosdtr. Ravn,« og i våpenhuset står det på ei onnor ruta: »Sifuer Andersen Hammer 1694.« Kan henda han har måla kyrkja eller på annan måte havt noko med kyrkja å gjera. I alle høve må han ha vore ein framandkar.

På kalken og disken som no er står dette: J.A.S - - M.L.D. 1794. Dette må tydst som Johannes Arbjørnson (Huus) og Marta Larsdtr. Det var vel helst so at det var klokkaren som stod fyre då dei fekk kalken, og millommannen sette ofte navnet sitt på det han fekk istand på andre sin kostnad. Kan og henda at klokkaren var den som ytte mest til den nye kalken.

Frå gamal tid hadde kyrkja dette »inventar«:

Ein liten kalk og disk av sylv og ein liten kalk av forkylla kopar.

Ein malmstake gjeven av presten Tøger Jensen.

Eit lite døypefat av messing.

Ei klokka og ei liti handklokka.

Ein gamal messehagel.

Eit randut altarklæde.

To altardukar.

Ein gamal bibel og ymse andre bøker.

Seinare vert det nemnd tvo messigstakar med pipor, ei lita tinflaska, og ein god messehagel.

Etter det som bisp Neumann fortel, hadde dei enno i 1750 ein sylvkalk, gjeve i 1636 av Peder Ravn, Jens Jensen Skive, Hans Grimesen, Anders Madsen, Folkvar Brodersen, Jens Mikkelsen, Nils Harbo, Peder Hansen og Hermann Garman. Dei fleste av desse var borgarar i Bergen.

På ein ljosestake står: HER T.Y.G.E.R. J E N S E N :  
A N E. K R I S T E N S D A T T E R.

På døypefatet står: »Dominikus Nagel og Mette Sørensdtr. haver gifvet dette christne-Becken til Aardals Kirke 1683.«' Dom. Nagel var handelsmann i Årdal. Um fatet er kome til Jostedal som byte eller som gåve, veit me ikkje. Det var ikkje alltid dei hadde so mykje vyrdnad for ei gåva, at dei let henne vera der gjevaren hadde tenkt ho skulde vera.

Framfor altarringen ligg eit bjørneskinn. Det høver ikkje so verst i ei bygd, der mest alle var bjørneskyttarar.